

STADNAMN

(Over deler av Landsverk/Melås-området i Gjerstad)

FOR

TORGRIM LANDSVERK

**ÅMLI VIDAREGÅANDE SKULE
1995/1996**

INNHOOLD

- * INNLEIING SIDE: 2.
- * PRESENTASJON AV STADNAMN..... SIDE: 3.
- * KLASSIFISERING AV STADNAMNA! SIDE: 5.
- * I GARDER, HUS, OG STØYLER SIDE: 6
- * II JORDER, VOLLER og ANNA INN... SIDE: 17-18.
- * III ÅSER, HEIER og FJELL SIDE: 47.
- * IV BAKKAR, DALAR, KLEIVER og SIDE: 51
- * V MYRER OG KJERR SIDE: 68
- * VI TJENN OG KILDER SIDE: 75.
- * VII VEG OG VEGMERKER SIDE: 77.
- * VIII KOLBOTNAR SIDE: 84
- * IX STADNAMN SOM IKKJE P.... SIDE: 85
- * OVERSIKTSKART OVER OMR..... SIDE: 100-101.
- * FAKTA OM OVERSIKTSKARTET SIDE: 102.
- * KJELDER SIDE: 103.

INNLEING

Grunnen til at eg valgte denne oppgåva var at eg etter ein samtale med ein av lærarane fekk høre at det hos noen klasser var mogleg å ha stadnamn som sær oppgåve i norsk i 3 klasse på allmenfag. Frå før av hadde eg Sigrid Undset som sær oppgåve, men eg må seie at stadnamn stod høgare på ønskelista. Frå før av har eg lært noe om stadnamn, når eg var medlem av det Norske 4H, og det er her interessen for stadnamn kjem frå. I løpet av den tida eg har igjen, omlag 2 måneder, så skal eg gjere oppgåver som å samle inn stadnamn frå eit område på omlag 100 mål i Landsverk- og Melås-området i Gjerstad kommune, Aust-Agder. Ellers vil eg ta bilder og analysere namna, og for å få det riktig uttala så blir det nok til at bestefaren min skal snakke over på kasset. Kart blir også ein viktig del av oppgåva, der ein vil kunne få avmerka og dermed plassert stadnamna på riktig plass. Denne oppsamlinga av stadnamn vil vere ein viktig del for å bevare dei gamle namna som har gått gjennom folkemunne i mange hundre år, men som nå etter kvart er blitt i ferd med å forsvinne. Dette er også ein viktig del for meg som bur i området ikkje langt i frå, der eg kan lære nye namn som eg før ikkje har hørt noe om, i tillegg til å vite kva dei står for. Historikken generellt her i landet vil også vere ein del av oppgåva, dette for å vise omfanget av stadnamna her i landet. Oppgåva starta bra med mykje arbeid for å ta igjen forsømt arbeid, men det gjekk greit. Ellers blei det ein del helgearbeid siden eg kun er heime i helgene, på denne måten treffer eg kun området og kilder i helgene. Likevel, eg har absolutt ingen ting å klage på, oppgåva har vore veldig interessant og eg må seie at føler at eg har lært mykje av det området eg har arbeidet med. Altså ein veldig fin oppgåve, og eg anbefaler absolutt noe lignende for dei som lage sær oppgåve ein annan gong!

Torgrim Landsverk

Åmli, 09.02.96.

Presentasjon av Stadnamngiverne!

-Ivar Landsverk:

Ivar Landsverk blei født på Landsverk 6. februar 1914. Han er sønn av Olav T. og Johanne Landsverk. Han er spesielt kjent i Melåsskogen. I dag bur han på Lundvoll. Har 3 barn saman med Margit Landsverk (tidligere Solberg.). Stadnamna frå 1 til 4 + 6 til 28 er henta frå han.




- Fredrik Landsverk:

Fredrik blei født på Landsverk 28. mai 1921. Han er yngste sønnen til Olav T. og Johanne Landsverk. Han er spesielt godt kjent i Landsverskogen. Bur i dag på den eine Landsverkgarden. Har 3 barn saman med Ingeborg Landsverk (kalt: Imme.). Stadnamna frå 29 til 103 + 105 er henta frå han.

-Torgrim Landsverk:

Torgrim Landsverk blei født 22. juli 1977. Sønn av Olav og Haldis Landsverk (Haldis, tidligere Homme.). Bur i dag på Sørigarden. Stadnamna 5 og 104 er henta frå han.



KLASSEFISERING AV STADNAMNA!

Stadnamna er klassifisert i forskjellige grupper for å forenkla betydninga. Namna kjem i samanheng, og ein kan sjå paralellar og likhetar. Dei ulike gruppene er:

- 1. Garder, hus og støyler.*
- 2. Jorder, voller og anna innmark.*
- 3. Åser, heier og fjell.*
- 4. Bakkar, dalar, kleiver og lier.*
- 5. Myrer og kjerr.*
- 6. Tjenn og kilder.*
- 7. Veg og vegmerker.*
- 8. Kolbotnar*
- 9. Stadnamn som ikkje passa inn.*

I GARDER, HUS OG STØYLER!

Gardane på Landsverk og Melås bærer synleg preg av husmannsvesenet. Det var spesielt store gardar med små i utkanten. Det hendte også at dei store gardane blei delt mellom to sønner. Det er også dømer på at gardane blei ført isaman igjen ved gifter. Til dømes lå Åsmunddalen under Landsverk. Mens Haukås lå under Melåsgarden. Nedenfor kjem dei stadnamna som hører under gruppa gardar, hus og støyler.

<u>STADNAMN</u>	<u>KARTNUMMER</u>
<i>Bjynnhålbua</i>	24
<i>Gammlestaua</i>	41
<i>Gjerstad</i>	104
<i>Landsverk</i>	103
<i>Lundvoll</i>	16
<i>Melås</i>	90
<i>Nordigarden</i>	3
<i>Sørigarden</i>	2
<i>Toftene</i>	6
<i>Plassen</i>	93
<i>Åsmunddalen</i>	92

BJYNNHÅLBUA

Bjynnhålbua ligg litt nordaust for Høgås. Der har sannsynlegvis blitt skutt eller vert eit bjønnehi i det lille søkket som går frå denne bua og opp mot Bjynnhålbakken. Namnet kan dermed vere veldig gamalt. Bua står i dag ikkje oppreist, det einaste ein kan sjå er ruinane. Namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Bjynnhålbua er nummerert som nummer 24 på oversiktskartet.

PLASSEN

Plassen ligg i Åsmundalskjerra. Bakgrunnen for dette namnet er litt ukjent. Men kanskje har det her vore eit par huser. Og dei som budde der meinte kanskje at dette var "plassen" å bu. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Plassen er nummerert som nummer 93 på oversiktskartet.

GAMMLESTAU

Gammlestaua ligg omlag 200 meter frå Landsverkgardane. Namnet er enkelt og greit, det er området si gamle stoga. I dag er denne gamle stoga "besøkshytte", der den nærmaste familien sover når dei er på besøk hos Landsverk-folket. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Gammlestaua er nummerert som nummer 41 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



GJERSTAD

Starter med Gjerstad som er staden/kommunen der eg har fått tak i stadnamna frå. Gjerstad uttales /jæ:r'sta:/, og kommer frå det opprinnelige namnet på prestegården, av 1374 "a Gerixstodum". Og er så samansatt av Geirreker og Stod. Geir/Geirreker var sansynlegvis den første som budde her. Stad kommer av det gamalnorske stadir (hankjønn fleirtall) og betyr buplass eller ein oppholdsplass. Gjerstad som kommune er i størrelse 322,75 kvadratkilometer, og har i dag (1996) omlag 2500 innbygjarar. Gjerstad er ei innlandsbygd, det er omlag ei halv mil frå sørgrensa og ned til fjorden ved Indre Søndeled. Bygda er den austlegaste innlandsbygda i Agder, det gamle Egdafylket, grenselandet mellom Sørlandet og Austlandet, og er for størstedelen omgrensa av Telemark fylke. Gjerstad er ellers omgrensa av kommunane Kragerø, Drangedal, Nissedal, Vegårshei, og Risør. Namnet er gitt og forklart av Torgrim Landsverk. Gjerstad er nummerert som nummer 104 på namnlista.



Gjerstad 16.03.96.

LANDSVERK

Landsverk ligg omlag 5 kilometer frå Gjerstad stasjon. Hovedbyggingen er oppført på 1850-1860-tallet av tømmer i 2 etasjer. Bygningen er på omlag 96 kvadratmeter. Huset har 9 rom , pluss kjøkken, kjeller. Fjøs og stall og låve er også oppført på 1850-60-tallet av tømmer og bindvev. Bygningen blei oppført på 1850-60-tallet, men der har vore drift på dette området lenge. Landsverk er ein gamal gård, og det er funnet leivkarskår frå den eldre jernalder. Gården må i alle fall vere eldre enn 400 år. Landsverk blei delt i 1717 mellom to sønner. Rundt 1830 tok Egeland Jernverk garden, fordi garden hadde satt seg i gjeld til verket. I 1884, då verket la ned drifta si blei gården kjøpt opp igjen av Landsverkætta. Rundt 1950 førte eit "giftemål" dei to gardane saman igjen. Landsverk kjem synlegvis ikkje av at der har vore noe verk der, men heller at der er blitt utført eit arbeidsverk på jorda der. Det er blitt opparbeidet jord der. Mens Land- kjem av at det er eit lite landområde der oppe. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Landsver er nummerert som nummer 103 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



LUNDVOLL

Lundvoll ligg ved Langvei (vegen til Melås). Lund kjem sansynlegvis frå det gamalnorske lundr og betyr ein lund, eller eit område med litt skog. Dette kan på sett og vis stemme her. Det blir dermed ein liten samanheng med ein liten lund, og ein voll litt nedenfor. Voll er eit lite åpent område, beiteområde. I dag bur det folk i huset der nede. Huset eigfes av Ivar og Margit Landsverk. Dette namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Lundvol er nummerert som nummer 16 på oversiktskartet.

MELÅS

Melås ligg omlag 4,5 kilometer frå Gjerstad stasjon. Melås kommer frå Mel, Mæl og betyr ein bratt skrent som er dannet i løsmaterialer (til dømes leir, sand og grus.) langs elv eller vann. Og frå det gamalnorske Mjolva som betyr mel. Betyr her veldig fruktbar jord på Melås. Og sansynlegheten for at mel betyr fruktbar jord er veldig stor. Melås har mange ulike typer trær og blomar som ein sjeldan finn på Sørlandet i Noreg. Melås er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Melås er nummerert som nummer 90 på namnlista. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.

NORDIGARDEN

Nordigarden ligger omlag 5 kilometer frå Gjerstad Stasjon. Hovedbyggingen er oppført i 1890 av tømmer i 1 og ein halv etasje. Bygningen er omlag 70 kvadratmeter. Huset har 5 rom + kjøkken, og kjeller. I tillegg kjem fjøs, stall og låve som er oppført i 1952. Huset har vært i slektens eie siden omlag 1800 til nåverande eiger, Harald Melås - Født 25. mars 1923. Tidligere eigar har vore Torje H. Melaas - Født 19. juni 1893. Namnet <<Nordigarden>> vert uttala <<Norigarn>> og betyr nok den garden på Melåsgrenda som ligger i nordenden. Altså eit enkelt og forståelig namn. Denne plassen blir også av noen kalt <<Der nord>>, kanskje fordi det med dette namnet var enklare å seie. T.d. , <<Har dykkon hørt noe frå dei der nor i det...>>. Også her eit forståelig namn. Dette namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Nordigarden er nummerert som nummer 3 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



SØRIGARDEN

Sørigarden ligger omlag 4,5 kilometer frå Gjerstad stasjon. Hovedbygningen er oppført av tømmer i 2 etasjer, bygningen er omlag 100-120 kvadratmeter. Huset har 4 rom + kjøkken, bad, kjeller, stauer, og toalett. Ellers er der eit utehus og to garasjer. Huset har vore i slektens eie siden cirka 1750 til nåverande eiger, Olav Landsverk - Født 7. august 1950, foreldre er Margit og Ivar Landsverk. Olav Landsverk arvet huset etter Ola T. Melaas (Lille Ola) - Født 15. september 1883. Namnet <<Sørigarden>> betyr nok den garden på Melåsgrenda som ligger i sørenden. Altså eit enkelt og forstålig namn. Sørigarden er nummerert som nummer 2 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



TOFTENE

Toftene ligger omlag 100 meter frå husene ved Sørigarden. Her stod det ein gong eit hus, men blei seinare flyttet. Grunnmuren står ennå, men er dekt litt til med annan jord og stein. Når huset forsvant veit eg ikkje, men det var rundt om 1700-1800-tallet ein gong. Huset og dermed tømren, blei flytta til det som i dag er Sørigarden. Nå er dette huset det som blir kalla "Bestestova" på Sørigarden. Kva Toftene betyr har eg litt problem med å finne ut av, men sansynligvis skal nok ein toft vere ein plass med eit lite hus eller noe lignende. Dette namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Toftene er nummerert som nummer 6 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



ÅSMUNDDALEN

Åsmunddalen er plassen under Landsverk. Kven denne Åsmund (eller Osmund som han også blir kalla.) var er det eigentleg ingen som veit. Åsmunddalen ligg altså i ein dal mellom Igletjenn og Landsverk, der det kom/budde ein med namn Åsmund. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Åsmunddalen er nummerert som nummer 92 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



II JORDER, VOLLER, OG ANNA INNMARK!

Landsverk og Melås var ikkje dei aller største bruka i Gjerstad. Noe som har gitt namn på små åkerlapper, som til dømes der åkeren ikkje var større enn ein "kvartel" eller ein "sekk. Dei dekka likavel det meste av behovet. I gamle dagar var det heller ikkje uvanleg at ein slo myrene for høy; dei tok dei kunne få tak i. Nedenfor kjem dei stadnamna som hører under gruppa jorder, voller, og anna innmark.

<u>STADNAMN</u>	<u>KARTNUMMER</u>
<i>Bløyen</i>	95
<i>Bråtjordet</i>	64
<i>Buteinen</i>	35
<i>Dukane</i>	54
<i>Eikvold</i>	27
<i>Fjøsekra</i>	49
<i>Fjøshaug</i>	32
<i>Fuhålekra</i>	46
<i>Harphagen</i>	96
<i>Haugåker</i>	12
<i>Hommeleåla</i>	22
<i>Husparekra</i>	11
<i>Høystakksneisa</i>	59
<i>Jupgrov</i>	76
<i>Kalvhagen</i>	37
<i>Kvartelsået</i>	53
<i>Langåker</i>	13
<i>Lauslåttan</i>	57
<i>Lundvoll</i>	16
<i>Løråker</i>	38
<i>Nedre Hesjordet</i>	23
<i>Nilsesduk</i>	55
<i>Ola Hallens åker</i>	83

<i>Raunåker</i>	86
<i>Sandfleck</i>	88
<i>Sekkåker</i>	105
<i>Skalåsåkeren</i>	66
<i>Slettene</i>	65
<i>Stallekra</i>	51
<i>Stauakra</i>	50
<i>Storager</i>	98
<i>Storekra</i>	26
<i>Temotiekra</i>	81
<i>Trilasken</i>	9
<i>Trælteinen</i>	40
<i>Under Reinane</i>	79
<i>Utjordet</i>	71
<i>Vomma</i>	10
<i>Øvre Hesjordet</i>	75

BRÅTJORDET

Bråtjordet ligg ved Bjellås. Kva Bråtjordet tyder veit eg ikkje 100%. Men -jordet er greit, jordet kjem av at det her ligg eit lite jordstykke enkelt og greit. Mens Bråt- sansynlegvis kjem av ordet bråt som tyder "akkurat der under reinane", noe som må tyde at Bjellåsen er denne reinen. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Bråtjordet er nummerert som nummer 64 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.

UNDER REINANE

Under Reinane ligg under/sør for Landsverkhødene. Kvifor ein rein er brukt her veit eg ikkje, fordi ein rein skal ein kunne klare å sjå landskapsforma til plassen frå sjøen, derfor stemmer ikkje det heilt. Men tanken var kanskje at ein kunne sjå landskapsforma frå Melåshøgden. Og dermed har plassen under denne hellningen/reinen blitt kalla Under Reinane. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Under Reinane er nummerert som nummer 79 på oversiktskartet.

BUTEINEN

Buteinen ligg på Landsverk. Kva namnet betyr er det ikkje kommet noe bestemt svar på, men det kan kanskje ha noe med at ein "tein" kjem frå ein "teig" som igjen betyr eit lite jordstykke, noe som kan stemme tåleg bra. Kva Bu- kjem av er me ikkje kommet fram til. Men ein regner med at dette jordstykket blei beita på av kretura som ein gong gjekk der. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Buteinen er nummerert som nummer 35 på oversiktskartet. Nedenfor kan ein sjå eit bilete av plassen.



DUKANE

Dukane ligg på Landsverk. Plassen ligg som ein lang slette mellom Kattåsen og Åsane. Og her kommer truleg også namnet fram. Ein duk vil vil som regel vere ein lang flate som er relativt "klar", altså ein vollmark. Dette er vel truleg det som er forklaringa på namnet Dukane. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Dukane er nummerert som nummer 54 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



EIKVOLD

Eikvold ligg i nedre del av Budalen, ved stien til Trevold. På Eikvold har det sansynlegvis vekst mykje eiketrær. Denne perioden er nå over. Trærne har blitt hogd ned og erstattet med Grantrær. Eikvold ligg også som namnet seier på ein vold, altså ein liten haug. Det har også her vore eit sommerfjøs, der høyet har blitt tatt vare på. I dag, 1996, er det bare ruinene igjen. Namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Eikvold er nummerert som nummer 27 på oversiktskartet.

FJØSEKRA

Fjøsekra er den ekra eller åkerlappen som ligg ved siden av fjøset på Landsverk. Altså eit veldig lett og greit namn. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Fjøsekra er nummerert som nummer 49 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



FJØSHAUG

Fjøshaug ligg like nord for den eine Landsverkgarden. Fjøshaug ligg somnamnet seier på ein liten høgde, noe som kan sies å stemme tåleg bra, fordi denne lille høgda/haugen ligg like ovenfor fjøset på Landsverk. Dermed namnet Fjøshaug. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Fjøshaug er nummerert som nummer 32 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



HAUGÅKER

Haugåker ligg på Melåshøgden. Også dette namnet er litt ukjent, men sansynlegheten for at det kan vere at der ligg ein stor forhøgning (haug) ved siden av kan vere stor. Mens -åkeren ligg nede på ei lang slette. Namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Haugåker er nummerert som nummer 12 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



HOMMLEHÅLA

Hommléhåla ligg i Sørreinane, ved Langvei. Humle eller Humulus lupulus var ein viktig plante på gardane. Det er ei hoplante som dyrkast, og dei brukast til ølbrygging. Dei gule kjertlane på konglane inneholder eit aresmatisk bitterstoff, lupulin, som gir ølet smak og gjør det holdbart. Saman med håla så gir dette altså ein liten "håle" (hull), der det veks Humulus lupulus. Namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Hummléhåla er nummerert som nummer 22 på oversiktskartet.

NEDRE HESJORDET

Nedre Hesjordet ligg i øvre del av Budalen. Hesjordet kjem sansylegvis av at folk før hesja, altså hengte dei opp slåtten på hesjene. Dette skjedde då på det lille jordet i øvre del av Budalen. Nedre - kommer av at Øvre Hesjordet ligger litt lengere oppe mot Landsverk. Namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Nedre Hesjordet er nummerert som nummer 23 på oversiktskartet.

HUSPAREKRA

Husparekra ligg på Melåshøgden. Her har det sansynlegvis stått to huser (eit par), som har stått ved siden av kvarandre, på ein liten åkerlapp (ekre). I dag går det ikkje ann å sjå at der kanskje har stått hus der. Dette er eit enkelt og greit namn, og er dermed ikkje stort meir å seie om. Namnet er gitt av Ivar Landsverk. Husparekra er nummerert som nummer 11 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



FUHÅLEKRA

Fuhålekra kan tyde så mykje. Til dømes kan det hende at det her var og skulle vere ein ekre, altså ein åkerlapp, der kunn "fuhål" (idioter) skulle vere eller holdt til. Men mest riktig er nok kanskje at denne ekra lå så ulendt til at det var eit problem kvar gong ein skulle gjere noe der, og dermed blei ekra eit stort "fuhål", dermed Fuhålekra. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Fuhålekra er nummerert som nummer 46 på oversiktskartet.

HØYSTAKKSNEISA

Høystakksneisa ligg på ein slette søraust for Åsane. Som namnet seier så foregjekk her hesjing om sommaren, då det ikkje var skog på denne åsen. Og ein høystakk er jo noe ein heng høyet på. Mens ein sneise sannsynlegvis er eit spisst staur med Kornband som er trukket ett og ett over kvarandre til tork. Dermed fekk denne sletta namnet Høystakksneisa. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Høystakksneisa er nummerert som nummer 59 på oversiktskartet.

KALVHAGEN

Kalvhagen ligg som ein liten vollfleck på Landsverk. Hagen kjem av den lille voll/grass-flekken, altså ein næringsrik mark der det veks godt. Her hadde ein kalv sinn faste "eigendom". Og ein har med dette fått ut namnet Kalvhagen. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Kalvhagen er nummerert som nummer 37 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



JUPGROV

Jupgrov ligg ved Landsverkvegen. Kva ein meiner med Jupgrov veit ein ikkje heilt sikkert. Men namnet har kanskje noe med at ein her fin eit dypt jordsmon, likevel seies det at det ikkje er så djup eit jordsmon som ein skulle tru. Det kan også hende at namnet har noe med grav å gjere, grov kjem nemeleg av det gamalnorske ordet grav. Og dermed at liket/dyret blei gravd ned djupt nedi jorda. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Jupgrov er nummerert som nummer 76 på oversiktskartet.

KVARTELSÅET

Kvartelsået ligg på Landsverk. Vanskeleg namn, men er etter litt studering forklarleg. Ein Kvartel- blei i gamle dagar brukt som ein måleinhet. Kva dette målet var veit eg ikkje 100%, men ting tyder på at ein kvartel var det samme som ein kvart tønne. Dette kan dermed kanskje tenkast at det før i gamle dagar blei sådd ein kvartel med såkorn på denne marka. Dette er sansynlegvis svaret på gåta. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Kvartelsået er nummerert som nummer 53 på oversiktskartet.

LANGÅKER

Langåker ligg på Melåshøgden. Langåker kjem av at denne sletta/ekra er ganske lang, og for mange å siden så blei der her dyrka poteter og andre grønnsaker. Denne tiden er nå over. Langåker er eit greit namn som ikkje er så vanskeleg å forklare. Namnet er gitt av Ivar Landsverk. Langåker er nummerert som nummer 13 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



LØRÅKER

Løråker ligg på Landsverk. Også dette namnet har skapt litt problem. Men namnet gir klart svar på at plassen tidlegare har vore ein åker, noe den i dag ikkje er. Verre er det med Lør-, sansynlegheten for at det kan vere ein type kornsort eller grassort er godt til stede. Desse produkta som blei produsert på åkeren kan også kanskje blitt lagt i "løa", derav Lør-, kanskje. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Løråker er nummerert som nummer 38 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



NILSESDUK

Nilsesduk ligg på Landsverk. Namnet har samanheng med namn nummer 54. Altså ein liten vollmark der ein kunne dyrke ulike planter, eller der kyra beita om sommaren. Og siden det heiter Nilsesduk så må det sansynlevis ha vore ein kar som hette Nils som tok seg av denne "duken". Kven denne Nils var veit eg ikkje. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Nilsesduk er nummerert som nummer 55 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



SLETTENE

Slettene ligg ved Bjellås, og namnet er enkelt og greit, der er her ei stor slette og dermed namnet slettene. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Slettene er nummerert som nummer 65 på oversiktskartet.

SKALÅSÅKEREN

Skalåsåkeren ligg i åsen ned mot Åsmunddalen. Likevel er det ikkje sikkert at namnet kjem av at plassen ligg i ein ås. Studeringen og spørsmåla har ikkje gitt noen ordentlege svar. Det kan til dømes hende at den åsen som på Landsverk blir kalla Middagsåsen, også kan ha blitt kalla Skalåsen. Men dette er ikkje sikkert. Det kan også hende at denne åsen ein gong har blitt høgd ned for trær, og at åsen med dette er blitt "skalla", derav Skal-? Men det er ikkje sikkert. -åkeren er til slutt relativt grei. På denne lille åkerlappen oppe i åsen er ein gong blitt brukt som åker, kanskje fordi sola her stod så fint på. Men som sagt har Skalåsåkeren gitt meg litt hodebry. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Skalåsåkeren er nummerert som nummer 66 på oversiktskartet.

STAUEKRA

Stauakra ligg rett ved innhuset på den nederste Landsverkgarden. Grunnen til at det heiter akkurat Stauakra er at stoga på dette innehuset har vindauge mot denne ekra, eller åkerlappen. Stemmer bra. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Stauakra er nummerert som nummer 50 på oversiktskartet.

STALLÅKER

Stallåker er også eit relativt enkelt namn. Stallåker ligg rett bak stallen/låven på den nederste Landsverkgarden, derav namnet Stall-. Og bak denne stallen/låven har Landsverkfolket ein liten potetåker. Dermed fekk ein namnet Stallåker. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Stallåker er nummerert som nummer 51 på oversiktskartet.

RAUNÅKER

Raunåker ligg på Landsverkhøgden. "Raun" kjem av gjerstadordet <<raun>> og tyder tretypen rogn. Og når plassen er ein vollmark og kanskje ein tidlegare åker, så blei namnet enkelt og greit Raunåker. Det veks i dag litt andre tretyper rundt Raunåker, men der er ennå eit par rognetrær. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Raunåker er nummerert som nummer 86 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



TRILASKEN

Trilasken ligg på Melåshøgden. Trilasken kan sansynlegvis ha to svar. Trilasken kan for det første vere ein måleinheit (Ein lask er?). Området er tre lasker? Det kan også hende at namnet betyr at der har vore tre asker som har stått i den lille "gropa". Namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Trilasken er nummerert som nummer 9 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



VOMMA

Vomma ligg på Melåshøgden. Kvifor det heiter Vomma er ukjent. Men plassen Vomma ligg er eit lite jordstykke med djup god jord. Vomma er også formet som ein liten dal, kanskje har dette noe med Vomma å gjere. Namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Vomma er nummerert som nummer 10 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



TRÆLTEINEN

Trælteinen ligg på Landsverk. Denne plassen er litt bratt og ulillig, men eg kan likevel ikkje forklare desse orda, annet enn det som blei sagt: Dette var ein plass der ein måtte arbeide noe voldsomt fordi det var litt ulillig. Altså ein liten ekre med mykje arbeid. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Trælteinen er nummerert som nummer 40 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



SEKKÅKER

Også dette namnet er vanskeleg å finne ut av kva betyr. Sekkåker ligg nordaust for Kålamyra. Sekkåker går her nedover mot bygda, mens Melåshøgden og Nordigarden ligg i samme høgde. Kanskje var dette tanken at denne åkeren lagde ein slags håle og dermed ein sekk. Det kan også hende at dei brukte ein sekk med korn, poteter el. for å få planta heile garden. Namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Sekkåker er nummerert som nummer 105 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



SANDFLEKK

Ligger på Landsverkhøgdenene. Namnet må vere ganske gamalt fordi det er ikkje antydningar til at her har vert noe sandhaug e.l. Kanskje er jordsmonet her oppbygd av litt sand. Og kanskje dette har gitt namnet Sandfleck. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Sandfleck er nummerert som nummer 88 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



STALLEKRA

Stallekra ligg på Melås. Til venstre for bildet så stod der ein låve. Og ved siden av låven eller stallen så er der ein liten åkerlapp, som ein kan se på bildet. I dag kaller me denne lille åkerlappen for "Vedtonet", men me brukar begge namna sjølv om "Vedtonet" er mest brukt. Namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Stallekra er nummerert som nummer 14 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



LANGÅKER

Langåker ligg på Melåshøgden. Langåker kommer av Lang og åker, og denne plassen er i dag ein lang slette/voll. Og i gamle dagar blei det her dyrka ulike grønnsaker. Denne åkeren var som namnet seier ganske lang. Er i dag ikkje i bruk. Namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Langåker er nummerert som nummer 13 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



OLA HALLENS ÅKER

Ola Hallens åker er ein liten slette/ekre som ligg rett under Landsverklinna. Og på denne lille ekra kom der ein kar med namn, Ola Hallen. Han ønsket å dyrke opp sin eigen lille åker her, noe han fekk. Dermed fekk ein dette namnet, Ola Hallens åker. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Ola Hallens åker er nummerert som nummer 83 på oversiktskartet.

STORAGER

Storager ligg på Melås, og tilhører sjølve Melåsgarden. Storager er litt humoristisk fordi det her ligg ein del ironi. -Ager kjem av ekre eller åker, i dette tilfellet så dyrkast det her gulerøtter, jordbær og kålrot. Namnet seier Stor- dette er langt frå riktig, åkeren er veldig liten. Altså eit litt ironisk namn. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Storager er nummerert som nummer 98 på oversiktskartet.

UTJORDET

Utjordet ligg mellom Landsverk og Trevold. Når ein har tenkt seg litt om, finn ein til slutt ut kva Utjordet tyder. Utjordet ligg på ein svak hellning, der det i "gamle dagar" blei planta. Jordet blei kavv sommar skrapslått. Men slåttan lå eit stykke frå Landsverkgarden, jordet ligg altså "langt ute i verden" slik at dette jordet dermed blei kalla Utjordet. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Utjordet er nummerert som nummer 71 på oversiktskartet.

STOREKRA

Storekra ligg på Melåshøgden, og er ein relativt stor vollmark, altså ei ekre. Det blir om sommaren beita her av ungdyr. Altså ein stor åkerlapp (ekre). Namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Storekra er nummerert som nummer 26 på oversiktskartet.

TEMOTIEKRA

Temotiekra ligg på Landsverkhøgdenene. Temoti- kjem med stor sansynleghet av gras/kornplanten temoti. Og det kan tyde på at dei dyrket temoti akkurat på denne ekra eller åkeren. Dermed namnet Temotiekra. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Temotiekra er nummerert som nummer 81 på oversiktskartet.

ØVRE HESJORDET

Øvre Hesjordet ligg nord for Landsverkvegen. Hesjordet kjem sansynlegvis av at folk i gamle dager hesja, henge altså opp slåttene på hesjene. Dette skjedde då på det relativt store jordet. Øvre kjem av at Nedre Hesjordet ligg litt lengere nede mot Budalen. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Øvre Hesjordet er nummerert som nummer 75 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



BLØYEN

Bløyen ligg mellom Landsverk og Trevold. Plassen ligg under Høgås og er ein slags "renne", og det er kanskje "bløya " opp litt. Namnet er ikkje særleg gamalt, fordi det truleg var "Lille-Ola" som gav plassen namnet. Likevel skal ein ikkje vere forsiker på kva namnet betyr. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Bløyen er nummerert som nummer 95 på oversiktskartet.

HARPHAGEN

Harphagen er også vanskelig å finne ut av. Men det kan hende at ein for mange mange år siden dyrka lin på denne sletta, som dermed blei ein "hage". Når ein skulle tilbrede linet brukte ein ein "harpe" til å slå med for at linet skulle bli bra. Og kanskje lagde den lyder som ein harpe. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Harphagen er nummerert som nummer 96 på oversiktskartet.

III ÅSER, HEIER OG FJELL

Landsverk ligg på 310 meter over havet, Melås ligg 265 meter over havet. Landskapet er preget av mange åser og topper. Fjell kjem av det gamalnorske Fjall, som betegnar bergartar som ligg oppe i dagen. Hei kjem frå det gamalnorske Heid og tyder her bergknatt. Det betyr også fjelvidde. Den geologiske forklaringa på åser, er at isbreane har lagd dem. Åsane består av vatntransportert sand, grus og stein. Åsryggane er eigentleg gamle elveleier, som gjekk under isen. Rent språkelig veit vi at "ås" er eit av dei eldste stadnamna i Noreg. Nedenfor kjem dei stadnamna som hører under gruppa åser, fjell og heier.

<i>STADNAMN</i>	<i>KARTNUMMER</i>
<i>Haukås</i>	<i>102</i>
<i>Kattåsen</i>	<i>47</i>
<i>Middagsåsen</i>	<i>56</i>
<i>Stavåsen</i>	<i>84</i>
<i>Timmeråsen</i>	<i>91</i>

MIDDAGSÅSEN

Middagsåsen er det som på kartet blir kalla Åsane. Middagsåsen er eit artig namn. Den gongen då det ikkje var skog på denne åsen så kunne ein sjå når sola gjekk ned ved sjøkanten. Og sola gjekk ned ved middagstider, og dermed var namnet klart, Middagsåsen. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Middagsåsen er nummerert som nummer 56 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilde av åsen.



HAUKÅS

Haukås ligg aust for Åsmunddalen. Det er ein stor sansynleghet, men ikkje sikkert, at det ved denne åsen holdt seg ein del Hauker. Denne tiden ser nå ut til å vere forbi. Altså eit enkelt og greit namn. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Haukås er nummerert som nummer 102 på oversiktskartet.

STAVÅSEN

Stavåsen er eit av dei mest uforklarlege namna eg har truffet på. Og det blir bare gjetting. Men det kan kanskje ha noe med at ein i gamle dagar brukte "staver" til å lage tønner o.l. med. Altså dei tynne "stavene" som utgjør det meste på ein tønne. Og det kan med det hende at det på denne åsen var noen spesielle treslag som ein brukte som matriale til desse "stavene". Dermed ein kanskje namnet Stavåsen. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Stavåsen er nummerert som nummer 84 på oversiktskartet.

TIMMERÅSEN

Timmeråsen ligg under og ved siden av Nordreinane, og går vidare ned mot Høgbråt. Timmer kjem kanskje av at det var mykje bra tømmer på denne åsen. Det kan også vere at åsen fekk namnet, fordi huset på Høgbråt lenge stod halvferdig. Og stukkane stod opplåfta og seig i mange år før dører og vindauger blei satt inn. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Timmeråsen er nummerert som nummer 91 på oversiktskartet.

KATTÅSEN

Kattåsen er åsen som ligg rett vest for den nederste Landsverkgarden. Namnet seier vel kort og greit at denne åsen til stadighet hadde samanheng med kattar. Namnet kom kanskje fordi det i denne åsen blei sett mange kattar. Eller det kan kanskje tyde at folket blei vekket om natta fordi dei høyrte grusomme katteskrig (krangler) frå denne åsen. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Kattåsen er nummerert som nummer 47 på oversiktskartet.

IV BAKKAR, DALAR, KLEIVER OG LIER!

Landskapet går opp og ned. Det er få sletter, og det er forståeleg at det helst blei satsa på skogbruk. Gran var den mest utbredte tresorten, men også mykje lauvskog, særleg på Melås. Bakke kjem av det gamalnorske Bakke som tyder skråning, gjerne forbundet med veg eller sti. Dal kjem av det gamalnorske Dalr og er ein langstarkt fordjupning i jordskorpa. Reint geologisk skiller me mellom V- og U-dal. V-dalen blir danna ved at elver skjærer seg ned, mens U-dalen blir danna ved isbreens skyvningar på underlagdet. Nedenfor kjem dei stadnamna som hører under gruppa bakkar, dalar, kleiver og lier.

<u>STADNAMN</u>	<u>KARTNUMMER</u>
Bekkdalen	77
Bjynnhålbakken	73
Blåveisliane	80
Budalen	28
Dynddalen	101
Eikbakken	82
Eldhushaug	33
Forehausen	78
Kjellfoten	7
Kamperhaug	39
Lindbakken	15
Låvbakken	4
Reinane	87
Skalåslia	67
Skorvli	18
Steindalen	74
Svensrein	89
Sørreinane	25
Trettærdalen	20
Plassli	68

LÅVBAKKEN

Låvbakken ligger omlag 100 meter frå Sørigarden. Låvbakken er ein bakke eller retter sagt ein traktorveg opp til låvebrua. I dag, 1996, er det kun steinmuren til låverbrua som står. Resten av grunnmuren blei gjemna med jorda etter at heile låven falt saman i eit uvær på 1970-tallet. Ordet Låvbakken er altså eit namn som ikkje er vanskelig å forstå, det er altså bakken opp til låven. Det blei i gamle dager, omlag 1750 til 1960 satt ut julegrøt til julenissen på låven, kvar Jul. Denne låven tilhørte Melåsgrenda, Sørigarden. Dette namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Låvbakken er nummerert som nummer 4 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



NORDREINANE

Er ein bratt bakke som går litt mot nord. Ein "rein" er ein bakke som var så synleg at ein kunne sjå landskapsforma frå sjøen. Slik kan det derimot ikkje vere med Nordreinane, fordi plassen ikkje ligg mot sjøen. Nordreinane var før beite, og når der ikkje var beite slo "Lille Ola" med ljå i dei stupbratte bakkane. I år, 1996, er det blitt høgd ein del i Nordreinane, dette for å prøve å få det til å bli ganske likt slik det var før. Men arbeidet vil ta lang tid. Dette namnet er gitt og forklart av Torgrim Landsverk. Nordreinane er nummerert som nummer 5 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



SVENSREIN

Svensrein ligg på Landsverkhøgden. Svensrein kjem sansynlegvis av at det her er ein liten bakke som gjer namnet -rein. Og i denne "reinen" så kan det kanskje ha vore ein mann med namn Sven som har gjort seg litt bemerket. Dermed namnet Svensrein, men namnet kan sjølvsagt bety andre ting også. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Svensrein er nummerert som nummer 89 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



KJELLFOTEN

Kjellfoten ligg på Melås. Som bilete viser så går her i dag ein veg, denne vegen var for 15 år sidan erstatta med ein liten kolle, der av kanskje namnet -foten. Og ein skal vel kunne tru at det var ein viss Kjell som har utmerka seg litt her på denne "foten".



BLÅVEISLIANE

Blåveisliane ligg rett under Landsverklinna. Og i desse liane/hellningane er det i april/mai så og seie heilt blått der, blåveisa har sitt paradys der. Dermed fekk denne lia namnet Blåveisliane. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Blåveisliane er nummerert som nummer 80 på oversiktskartet.

EIKBAKKEN

Eikbakken ligg på ein slags åsrygg opp mot Landsverklinna. Åsryggen går oppover (evt. nedover) og har derfor gitt namnet - bakken. Og i denne bakken har det vekst ein del eik, og der finnes også i dag eit fleirtall av eiktrær akkurat i denne bakken. Dermed namnet Eikbakken. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Eikbakken er nummerert som nummer 82 på oversiktskartet.

PLASSLIA

Plasslia ligg nedanfor Middagsåsen. Plasslia er eit relativt greit namn. Plass- kjem med stor sansynleghet av at der nede i den dalen under Åsane blir kalla Plassen. Her har det trolig vort eit sommarfjøs eller ein husmansplass ein gong for lenge siden. -Lia kjem med stor sansyleghet av at det her er relativt bratt og kan dermed bli kalla ei li, derav -lia. Dette gir dermed namnet Plasslia. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Plasslia er nummerert som nummer 68 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete plassen.



FOREHAUSEN

Forehausen ligg ved krysset inn til Åsmunddalen. Namnet er enkelt og greit. Fore- kjem med veldig stor sansynleghet av gjerstadnamnet <<fore>> som tyder furu. Og dette kan stemme godt fordi det idag finnes ein del furutrær akkurat her. Mens - hausen med stor sansyleghet kjem av ein "haus" som i Gjerstad tyder ein liten kolle eller topp. Ein har dermed fått namnet Forehausen. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Forehausen er nummerert som nummer 78 på oversiktskartet.

BEKKDALEN

Bekkdalen ligg på Landsverk. Bekkdalen kjem av at det her går ein bekk i denne lille dalen/søkket. Bekken fylles kunn med vatn når det regner mykje eller at det smelter mykje snø. Altså eit relativt greit namn. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Bekkdalen er nummerert som nummer 77 på oversiktskartet.

SKALÅSLIA

Skalåslia ligg i åsen ned mot Åsmunddalen. Likevel er det ikkje sikkert at Skalåslia kjem av at plassen ligg i ein ås. Studeringa og spørsmåla har ikkje kunne gitt noen bestemte svar. Det kan til dømes hende at den åsen som på Landsverk blir kalla Middagsåsen har blitt kalla Skalåsen. Men dette er ikkje sikkert.

Det kan også tenkes at denne åsen ein gon har blitt hogd ned for trær og dermed blitt "Skalla", derav Skalås-. Men dette er ikkje sikkert. -Lia er relativt greit å svare på. Der Skalåslia ligg er det ein liten bratt hellning som dermed sansynlegvis har blitt kallt -lia. Men som sagt har denne åsen gitt meg ein del hodebry. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Skalåslia er nummerert som nummer 67 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



KAMPERHAUG

Kamperhaug ligg midt i tunet til den andre Landsverk garden. Kamperhaug kommer med stor sansynleghet av at det akkurat her har vore ein tålig stor debatt og dermed litt krangling og litt kamp, derav Kamper-. Denne kampen har som namnet seier holdt til på ein haug som ligger der. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Kamperhaug er nummerert som nummer 39 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



ELDHUSHAUG

Eldhusaug ligg på Landsverkhøgden. På denne plassen har det sansynlegvis stått et eldhus, eller eit uthus. Sansynlegheten er relativt veldig stor fordi ein her har funnet leirklumper som kanskje kan vere frå den e.v.t skorsteinen. Ved siden av denne e.v.t. eldhuset så er det ein liten høgdeforkastning, og her har ein sansynlegvis fått namnet -haug. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Eldhusaug er nummerert som nummer 33 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



STEINDALEN

Steindalen ligg sør for Landsverkvegen. I likhet med Steinsland har denne dalen/søkket også ein del store stein liggende der, noe som gir dette namnet. Enkelt og greit. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Steindalen er nummerert som nummer 74 på oversiktskartet.

BJYNNHÅLSBAKKEN

Byjnnhålsbakken har ein samanheng med namnet Bjynnhålsbua som ligg litt lenger nedi dette søkket. Det blei her sansynlegvis skutt eller oppservert ein bjørn i dette søkket. Og Bjynnhålsbakken ligg som namnet seier i ein bakke, dermed dette namnet. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Bjynnhålsbakken er nummerert som nummer 73 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



SØRREINANE

Sørreinane er ein bratt hellning som "peker" mot sør. Ein "rein" er ein bakke som var så synleg at ein kunne sjå landskapsforma frå sjøen. Slik kan det der imot ikkje vere med Sørreinane.

Grunnen er at høgare landskapstopper kjem bak. Sørreinane blir i 1996 beita av ungdyr frå ein av Melåsgardane. I 1994 blei der her rydda med tanke på å bevare kulturlandskapet. Sørreinane har ein type treslag, Haftein, som ein veldig sjeldan klarer å finne på Austlandet og Sørlandet. Området har vekket oppsikt. Sørreinane er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Sørreinane er nummerert som nummer 25 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



SKORVLIA

Skorvliia ligg pr. 1996 som eit hogstfelt ved Langvei. Skorvliia ligg som namnet seier i ei li. Men kva Skorv- betyr er det meir problem med. Namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Skorvliia er nummerert som nummer 18 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



TRETTÆRDALEN

Trettærdalen ligg mellom Langvei og Bråtaneskogen. Trettærdalen lig som namnet seier i ein liten dal. Kva Trettær betyr er ikkje så lett å finne ut av. Men det enklaste ein kunne tru det var, var at det i denne dalen har stått folk og "tretta" litt om grensene som ligg der? Namnet er gitt av Ivar Landsverk. Trettærdalen er nummerert som nummer 20 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.

BUDALEN

Budalen ligg mellom Langvei og Trevold. Og plassen er som namnet seier ein dal. Denne dalen hadde sansynlegvis ein del buer som blei brukt som sommerfjøs. Det er i dag ingen synlege merker etter desse buene. I denne dalen går der ein bekk som fører regnvatnet frå Melås og Landsverk. Namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Budalen er nummerert som nummer 28 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.

REINANE

Reinane ligg på Landsverkhøgden. Også her er namnet "rein brukt", som betyr at plassens landskapsform er synleg frå sjøen, noe som ikkje er faktum her. Reinane er nok brukt som namn fordi det her er så bratt. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Namnet er nummerert som nummer 87 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



DYNNDALEN

Dynndalen ligg like ved Stavåsen. Namnet er heilt ukjent for meg og andre. Men plassen ligg i kvartfall i ein dal/søkk, kanskje det seier noen noe? Dynndalen er nummerert som nummer 101 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



V MYRER OG KJERR

Myrene var ikkje i praktisk bruk til anna enn myrslott. I enkelte år, med mykje tørke, blei dei fleste myrene slått, slik at ein fekk både ein og tre stakkar myrhøy. Myr kjem av gamalnorske ordet Myrr og tyder våt mark. Kjerr kjem frå det gamalnorske Kjerr og tyder kratt på våt grunn. Nedenfor kjem dei stadnamna som hører under gruppa myrer og kjerr.

<u>STADNAMN</u>	<u>KARTNUMMER</u>
Brønnekjær	85
Brønnekjær	99
Hagehaugen	43
Kålamyra	8
Myra	42
Åsmunddalskjerra	94

BRØNNKJÆR

Brønnskjær ligg rett nedenfor Landsverkhøgden. Det kan tyde på at det her har vore ein brønn her i denne fuktige håla (kjerr). Men det må vere lenge siden, der er i dag ingen brønn her. Dermed namnet Brønnskjær. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Brønnskjær er nummerert som nummer 85 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



HAGEMYRA

Hagemyra ligg omlag 200 meter frå Buteinen. I dag er Hagehaugen ein liten vollmark, men plassen har tidlegare vore ein liten åker, derav namnet Hage-, kanskje. Ellers er denne plassen så fuktig i regntider at det kan kalles myra. Kanskje dette er svaret? Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Hagemyra er nummerert som nummer 43 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



BRØNNKJÆR (Melås)

Brønnkjær ligg på Melås. Brønnkjær er eit gammalt namn. Det kan tyde på at der her har vore ein brønn i denne fuktige håla (kjerr). Men det må vere for over 100 år siden. Det er i 1996 ein brønn her, men den stammer frå 1957. Og namnet er mykje gamlare. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Brønnkjær er nummerert som nummer 99 på oversiktskartet.

KÅLAMYRA

Kålamyra ligg på Melås. Kålamyra er ei lita myr eller kjær. Til tider er det også vatn der. Vatnet kommer frå små flombekker på Melås. Grunnen til at det blir kalla Kåla... , er at det sansynlegvis vokste så godt med kål i denne myra. Namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Kålamyra er nummerert som nummer 8 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



MYRA

Myra ligg 100 meter frå "gammlestaua". Myra er enkelt og greit ei lita myr, ein av dei få, på Landsverk. På denne myra har også eit av gardane brønnen sin, det vil altså seie at denne brønnen sjelden vert tørr. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Myra er nummerert som nummer 42 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



Amli 19.03.96.

ÅSMUNDDALSKJERRA

Åsmunddalskjerra ligg søraust for sjølve Åsmunddalen. Åsmunddalskjerra ligg som eit hogstfelt- og myrområde. Ei "kjerr" er i Gjerstad eit fuktig område. Og siden plassen ligg i Åsmunddalen så blir namnet Åsmunddalskjerra. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Åsmunddalskjerra er nummerert som nummer 94 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



VI TJENN OG KILDER

Det er ingen store namn i nærheten av Kleivane, men mange bekker og små kilder. Dessutan var det nesten alltid vatn ved myrane. Nedenfor kjem dei stadnamna som hører under gruppa Tjenn og kilder.

STADNAMN _____ *KARTNUMMER* .

Reinbekk

48

Siklet

17

SIKLET

Siklet ligg ved Langvei. Etter at Langvei blei bygd så kom der fram grøfter. Her måtte vatnet nødvendigvis renne. Og når det går ann å sjå at det renn vatn i desse bekkene, så "sikler det av grøftene". Altså eit litt artig namn. Namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Siklet er nummerert som nummer 17 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



REINBEKK

Reinbekk ligg på Landsverk. Reinbekk er eit relativt greit namn. Rein- kjem av at denne bekken hadde eit "såpass" reint regnvatn, faktisk blei denne bekken brukt som matbekk på Landsverk, i tidlegare tider. -Bekk seier seg sjølv, ein bekk. Dermed får ein namnet Reinbekk. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Reinbekk er nummerert som nummer 48 på oversiktskartet.

VII VEG OG VEGMERKER!

Vegane rundt Landsverk og Melås er for det meste bare stier og tråkk, bortsett frå hovudvegen. Alle ting måtte bæres, eller kjøyrast på slede om vinteren. Bortsett frå Langvei og vegen til Landsverk var der ein del bu-vegar (kuttråkk) og vintervegar. Vintervegane var viktige for å kunne få kjøyrt fram last og annan tung transport. Veg kjem av det gamalnorske ordet vegr. Nedenfor kjem dei stadnamna som hører under gruppa veg og vegmerker.

<u>STADNAMN</u>	<u>KARTNUMMER</u>
<i>Kongen</i>	19
<i>Langveibua</i>	21
<i>Burmaveien</i>	45
<i>Buveien</i>	70
<i>Reknarstaden</i>	69
<i>Putbakkhålet</i>	62

KONGEN

Kongen låg rett ved siden av Langvei, rett nedenfor Hommlehåla. Kongen var ein stor, den største, ask som hadde blitt "kjylla" frå år til år, for å gi mat til dyra. Kongen var altså den største av dei askane som stod langs vegen. Men kongen blei gamal og falt til slutt i bakken. I dag finner ein "Dronninga" som står like nedenfor. Namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Kongen er nummerert som nummer 19 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av "Dronninga" som står like nedenfor den gamle "kongen".



LANGVEIBUA

Langveibua ligg som namnet seier ved siden av Langvei. Denne bua har i mange mange år blitt brukt som eit sommerfjøs der dei la frå seg høyet etter å ha slått det ned. Høyet blei lagt i desse buene for å unngå å gå så langt med høyet. Dette var tungt arbeid. På 1960-tallet blei det slutt på den aktive tida som sommerfjøs. Det er i 1996 ikkje mogleg å sjå at det har stått noen bu der. Namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Langveibua er nummerert som nummer 21 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



BURMAVEGEN

Burmavegen er eit tåleg nytt namn, det blei "dannet" då Burmavegen blei bygd på 1950-tallet. Det vil igjen seie at vegen var under bygging då Burmakrigen var på sitt verste. Derfor Burmavegen som er ein traktorveg mellom Landsverk og Mesel. Vegen var lenge kjørbær med vanleg bil. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Burmavegen er nummerert som nummer 45 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av første delen av vegen, frå Landsverksida.



BUVEIEN

Buveien er stien som går frå Bjellås over Høgås og til Melås. Denne stien blei brukt til å frakte høy og annen budskap, frå bu til bu. Dermed namnet Buveien. Buveien er i dag ryddet på nytt og det er derfor ikkje noe problem å finne stien. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Buveien er nummerert som nummer 70 på oversiktskartet.

REKNARSTADEN

Reknarstaden ligg rett ved vegen frå Bjellås til Åsmundadalen. På denne staden brukte ein å stoppe i gamle dagar for å rekne saman budskapen eller pengene sine. Altså eit greit namn. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Reknarstaden er nummerert som nummer 69 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



PUTBAKHÅLET

Putbakhålet kommer med all sansynleghet av at det den gongen det ikkje var skog på Åsane og Bjellåsen. Då kunne folk på Landsverk sitte å sjå på at folk gjekk på denne vegen til Bjellås. Og når folk gjekk mot Bråtjordet/Bjellås så kom dei rundt ein sving og då kunne ein ikkje sjå personen lenger frå Landsverkgarden. Personen blei då "puttet" bak "håla" som ligg litt før svingen der. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Putbakhålet er nummerert som nummer 62 på oversiktskartet.

Åmli 20.03.96.

VIII KOLBOTNER

Kolbotnane blei danna ved trekullproduksjon. Det blei brukt reismiler i Gjerstad. Her blei veden, gjerne tre meter lang, reist på endes, slik at dei danna ein kjegle. Tenningskanalen er midt i kjegla. Milen blir først dekket med granbar, og over det eit lag leire og sand, eller stubbe (d.v.s. finknust kull avfall frå tidligare brenningar). Kullmilen blir tent ved bunnen av tennkanalen. Når ilden har tatt godt fyr blir alle åpningar tildekket. Når all veden er gjennomglødd og forkullet, blir milen slokt ved kveling. Etter ein stund kan kullet rives ut. Den vannlege størrelsen på milene var 12-16 favner, noe som gav 40-70 lester kull (1 lest=18 tønner). Brenntida var ofte på 12-16 døgn. Milene lå på dei samme plassane fleire brenningar på rad. Dette førte til at det blei ein grop eller innenkning i bakken. Kullet frå Landsverk blei levert til Egeland's jernverk. Landsverk leverte omlag 50 lester i året. Botn kjem av det norrøne Botn og tyder innsenkning. På mitt område er det ikkje mange plassane, bare ein kan tyde på at der har vore kolbotn. Har denne med itillfelle vidareutvikling av oppgåva.

STADNAMN _____

KARTNUMMER _____

Hagehaugen

43

X STADNAMN SOM IKKJE PASSER INN I DEI ANDRE GRUPPANE!

<i>STADNAMN</i>	<i>KARTNUMMER</i>
<i>Antenne 10</i>	<i>31</i>
<i>Astridshål</i>	<i>60</i>
<i>Badstaua</i>	<i>52</i>
<i>Karishål</i>	<i>61</i>
<i>Kjempegrava</i>	<i>106</i>
<i>Kjerringløftet</i>	<i>34</i>
<i>Klumra</i>	<i>44</i>
<i>Landsverklinna</i>	<i>29</i>
<i>Lasseshål</i>	<i>63</i>
<i>Laugaråna</i>	<i>107</i>
<i>Montlei</i>	<i>30</i>
<i>Revura</i>	<i>100</i>
<i>Skorva (sommarfjøs)</i>	<i>36</i>
<i>Steinsland</i>	<i>58</i>
<i>Utkikken</i>	<i>1</i>

KLUMRA

Klumra ligg ved starten av Burmavegen. Namnet høyrer tåleg villt ut, men det er det ikkje. Klumra kjem sansynlegvis av at det her er veldig "klummrete" å komme fram. Plassen som heiter Klumra er nemmelig ein steinhaug, noe som gjer at det ikkje er noe særleg å gå der. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Klumra er nummerert som nummer 44 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



MONTLEI

Montlei ligg på Landsverkhøgdenene. Å forklare namnet Montlei er ikkje lett, og det har vist seg at det ikkje er noe i leksikon eller lokalbefolkningen som veit heilt kva Montlei betyr. Det einaste måtte vere -lei som kanskje kunne ha ein liten samanheng med ein liten li eller lignande. Ein skulle også tru at Mont- hadde med ein høgdetopp å gjere (Mont Everest?)? Men det ser ikkje her ut til å ha noe med det å gjere. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Montlei er nummerert som nummer 30 på oversiktskartet.

FEITBREKKOLLEN

Feitbrekkollen ligg på oppsiden av Skorvli. Men kva namnet kjem av er så og seie omogleg å gi svar på. Ingen leksikon eller personar har kunne gitt svar på spørsmålet. Men for at ein ikkje skal sitte fattig igjen så kan det kanskje hende at der ein gong har vore ein stor mann, derav Feit-. Og denne mannen kan kanskje ha brukket beinet eller noe lignande på denne lille kollen. Namnet er gitt og prøvd å forklart av Fredrik Landsverk. Feitbrekkollen er nummerert som nummer 97 på oversiktskrtet.

LANDSVERKLINNA

Landsverklinna ligg på Landsverkhøgden. Der grodde for mange år siden to store linder på Melås og Landsverk. Den største var Melåslinna som var over 90 fot høg og har fått ein egen sang oppkalt etter seg. Men måtte kjenne bakken i 1868. Den andre er Landsverklinna som står ennå, denne er også stor, men ikkje riktig så stor. Likevel er linna lett og sjå når ein kjem kjørande frå Sunde og oppover langs Gjerstadvatnet. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Landsverklinna er nummerert som nummer 29 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen/treet.



Gjerstad 23.02.96.

LINDBAKKEN

Lindbakken ligg på Melåshøgden. Lindbakken kommer av orda Lind og bakke. For 150 år siden stod der akkurat i denne bakken ein lind, ein kjent lind som blei skrevet sang om, og som blei brukt som eit sjømerke, sjå sangen bak. Namnet på linda var Melåslinda, linda var 90 fot høg, men falt under eit uvær hausten 1868. Namnet Lindbakken kan dermed vere veldig gammalt. Namnet er gitt av Ivar Landsverk. Lindbakken er nummerert som nummer 15 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



Melaas-linna.

Det er Torbjørn Eikhaugen i Kroken, som har skrevet ned denne versjonen av sogneprest Jon Aas' kjente vise. Eikhaugen, som nu er 88 år, har lært visen av sin mor med de uttrykk og dialektord som var i bruk den gang den ble skrevet, sier en av våre lesere, som synes det ville være nyttelig å få den på trykk igjen, selv om det har vært gjort før.

Her er visen:

Eg vil ta meg te for moro opp til Melaas-linna gaa.
Vent og sjaasamt skal der vere, grusk er linna framifraa.
Endaa dette tre har bresja mykje meir i gamal tid —
av dei fire store greinan er naa atter bare tri.

Ondei! at denne linna inkje før er høgge ned.
Ondei! at bjørke-beinan inkje fletta slikt eit tre.
Tok seg bast og røyde paa seg sine kleine nevre-sko.
Visst ein hulegard de bele utmed Melaas-linna stod.

Mange hell det ennaa føre nissen der sitt tilhold har.
Kjøm i husa nattestider, stuller ber' hell nokon kar.
Flettar maana fin paa hesten, held seg støtt ved linna døid.
Kanskje detta er ei soge folk eingong hev gjort seg sjølv.

Ondrast maa eg naa paa detta at saa høgt te værs eg gjeng.
er her jorde, inga knattar, bare aaker, lauv og eng.
Like har eg naa for veien, ven er denne høge hei.
Venast naar eg er ved linna, liksom ørna i sitt rei.

Linna stenne kalli resa midt paa høgda mo alein.
Eg tyks plent og kan fornemme dette er ein bjørkebein.
Slik ein kar har rydda plassen og han sjølv stod atter fri.
Slike karar verja Noreg daa det krigast før i ti'.

Inkje tre gjeng over linna til aa staa paa slik ein stad.
Alle vindar her har dusta, fleire hundradaar i rad.
Alle har dei bruka makta, jamt var linna li'ke traas.
Ho maa vere grodd i hopes med det fjell ho stenne paa.

Mens eg sitter under linna, glanar over vidda ned,
er det som eg ikkje lengre, var i denne verda te.
Sjølv eg minkar og blir liten mest som eg sku' kome bort,
syn og hørsala, maal og pusten, alt tehopes kjem te kort.

Skauer i fem kyrkjesokner her er samla til ei slett'.
Rundt omkring med denne vidda heilt til havet gjeng i ett.
Høgast helar tykst bli laage, djupast dal er som ei dekk.
Gjerstadvatnet er aa sjaa til som ein hovleg kvenne-bekk.

Langsmed baren møter havet, utrast gjeng det som ei rand.
Vestrast til fraa Lyngør-kanten, heilt forbi til Jomfruland.
Eg ser mange skipe selle, sjøfolk ser au linna greitt.
Del har over ti mil borte hennar til sjø-merke sett.

Eg maa inkje lengre drøye, eg maa skunde meg herifraa.
Eit par fjerding borte skugger linna allereie naa.
Eg ser folk i hennar skugge ute paa Sundsmyra gaa.
Soli knekkar alt av lia, mørke natta feller paa.

UTKIKKEN

Utkikken ligger omlag 0,5 kilometer søraust for Melåsgardane. Utkikken er vokst opp fordi det akkurat her er ein nydelig utsikt, og dermed det passende namnet <<Utkikken>>. Frå denne plassen kan ein i dag, våren 1996, sjå dei små tettstadane Ausland, Apeland, Kveim, Sunde, Gjerstadvannet, Byholt, E18, Røed, Ulltveit, Søndeled, og Skagerak. Namnet er egentlig greitt å analysere, det er her altså god utsikt og dermed namnet Utkikken. Dette namnet er gitt og forklart av Ivar Landsverk. Utkikken er nummerert som nummer 1 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.

KJERRINGLØFTET

Kjerringløftet ligg på Landsverkhøgden. Ryktene seier at det ein gong var ei dame som løftet opp ein stor stein som ligg der. Om ein skal tru dette skal vere usagt. Steinen var stor og det må derfor ha vore ei kraftig dame som løfta denne steinen. Kven personen er veit ingen. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Kjerringløftet er nummerert som nummer 34 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



ASTRIDSHÅL

Astridshål ligg mellom Middagsåsen og Kattåsen. Astridshål veit ein ikkje 100% sikkert men sansynleggheten for at det var ei dame med namn Astrid, som kanskje datt nedi eit hål her. Dermed det greie namnet Astridshål. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Astridshål er nummerert som nummer 60 på oversiktskartet.

KARISHÅL

Karishål ligg på ein slette søraust for Åsane. Karishål veit ein heller ikkje sikkert kva betyr, men også her er sansynleggheten for at det var ei dame, med namn Kari, som datt nedi eit hål er stor. Dermed namnet Karishål. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Karishål er nummerert som nummer 61 på oversiktskartet.

LASSESHÅL

Lasseshål ligg mellom Bjellåsen og Åsane. I motsettnad til Astridshål og Karishål, så har Lasseshål ein litt anna historie. Ryktene seier at det var ein gong ein viss Lasse som holdt på å "kjylle" ein ask. Det gjekk fint heilt til han fallt ned, med hovudet først. Han mistet hovudet sitt, og plassen fekk då namnet Lassesehål. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Lassesehål er nummerert som nummer 63 på oversiktskartet.

ANTENNE 10

Antenne 10 ligg på Landsverkhøgden. Dette namnet er nok det "ferskaste" namnet som eg har samlet inn. Antenne 10 kommer av at det på begynnelsen av 1990-tallet blei satt opp ein antenne, til bruk ved telefonsamtaler mellom huset på Landsverk og traktoren, i tilfelle noe skulle oppstå. Samtidig med at denne antenne blei satt opp, gjekk der eit debattprogram på NRK som blei kalt Antenne 10. Derfor dette artige namnet. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk.. Antenne 10 er nummerert som nummer 31 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av antenna/plassen.

SKORVA

Skorva ligg på Landsverk. Skorva har ikkje vert svar å få på, både hos lokalbefolkningen og leksikonene. Dette var altså veldig vanskeleg. Kanskje kan bildet seie noko. Namnet er gitt av Fredrik Landsverk. Skorva er nummerert som nummer 36 på oversiktskartet. Nedenfor ser ein eit bilete av plassen.



STEINSLAND

Steinsland ligg på Landsverk. Steinsland ligg like under Middagsåsen mot "Åsmundaøsvegen" er det her ein del store og små stein samla. Og namnet har vell samanheng med alle dei steinane som ligg der. Og sideb det er eit relativt stort område som er dekt av stein, fekk ein derfor truleg namnet -land. Dermed namnet Steinsland. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Steinsland er nummerert som nummer 58 på oversiktskartet.

HAGANE

Hagane ligg på Landsverk. Kva Hagane tyder veit ein ikkje heilt. Men det kan tyde på at Hagane ein gong i tiden har vore ein vollmark der det grodde gras. Denne tiden i alle tilfeller over nå fordi dette området i dag er gjennplanta av grantrær. Men som sagt så er det litt diskusjon om kva Hagane tyder. Namnet er gitt og forklart av Fredrik Landsverk. Hagane er nummerert som nummer 72 på oversiktskartet.


NAMNREGISTER

1. UTKIKKEN
3. NORDIGARDEN
5. NORDREINANE
7. KJELLFOTEN
9. TRILASKEN
11. HUSPAREKRA
13. LANGÅKER
15. LINDBAKKEN
17. SIKLET
19. KONGEN
21. LANGVEIBUA
23. NEDRE HESJORDET
25. SØRREINANE
27. EIKVOLD
29. LANDSVERKLINNA
31. ANTENNE 10
33. ELDHUSHAUG
35. BUTEINEN
37. KALVHAGEN
39. KAMPERHAUG
41. GAMMLESTAU
43. HAGEHAUGEN
45. BURMAVEIEN
47. KATTÅSEN
49. FJØSEKRA
51. STALLEKRA
53. KVARTELSÅET
55. NILSESDUK
57. LAUSLÅTTEN
59. HØYSTAKKSNEISA
61. KARISHÅL
63. LASSEHÅL
65. SLETTENE
67. SKALÅSLIA
69. REKNARSTADEN
71. UTJORDET
2. SØRIGARDEN
4. LÅVBAKKEN
6. TOFTENE
8. KÅLAMYRA
10. VOMMA
12. HAUGÅKER
14. STALLEKRA
16. LUNDEVOLL
18. SKORVLIA
20. TRETTÆRDALEN
22. HOMMLEHÅLA
24. BJYNNHÅLBUA
26. STOREKRA
28. BUDALEN
30. MONTLIA
32. FJØSHAUG
34. KJERRINGLØFTET
36. SKORVA (sommerfjøs)
38. LØRÅKER
40. TRÆLTEINEN
42. MYRA
44. KLUMRA
46. FUHÅLEKRA
48. REINBEKK
50. STAUEKRA
52. BADSTAU
54. DUKANE
56. MIDDAGSÅSEN
58. STEINSLAND
60. ASTRIDSHÅL
62. PUTBAKKHÅLET
64. BRÁTJORDET
66. SKALÅSÅKEREN
68. PLASSLIA
70. BUVEIEN
72. HAGANE


73. BJYNNHÅLBAKKEN
75. ØVRE HESJORDET
77. BEKKDALEN
79. UNDER REINANE
81. TEMOTIEKRA
83. OLA HALLENS ÅKER
85. BRØNNKJÆR
87. REINANE
89. SVENSREIN
91. TIMMERÅSEN
93. PLASSEN
95. BLØYEN
97. FEITBREKKOLLEN
99. BRØNNKJÆR (Melås)
101. DYNNDALEN
103. LANDSVÈRK
105. SEKKÅKER
107. LAUGARÅNA

74. STEINDALEN
76. JUPGROV
78. FOREHAUSEN
80. BLÅVEISLIANE
82. EIKBAKKEN
84. STAVÅSEN
86. RAUNÅKER
88. SANDFLEKK
90. MELÅS
92. ÅSMUNDDALEN
94. ÅSMUNDALSKJERRA
96. HARPHAGEN
98. STORAGER
100. REVURA
102. HAUKÅS
104. GJERSTAD
106. KJEMPEGRAVA

LOKALE STADNAMN!



OVER
M
EKVIDIS
MÅLESTOK
=



MELÅS- OG
LANDSVERKSKOGEN.

STANSE: 5 METER
SK: 1:6250

LANDSVERKOMRÅDET
MELÅSOMRÅDET

FAKTA OM KARTA SOM HAR VORE I BRUK

-KART 1-

***Gjerstad, Aust-Agder,
Trydal***

BT 021-5-1

Økonomisk kartverk

Utgitt: 1974

Ajourført: 1991

-KART 2-

***Gjerstad, Aust-Agder
Eskeland***

BT 021-5-2

Økonomisk kartverk

Utgitt: 1974

Ajourført: 1991

-KART 3-

***Gjerstad, Aust-Agder
Mæsel***

BT 021-5-3

Økonomisk kartverk

Utgitt: 1974

Ajourført: 1991

KJELDER

**** MUNTLEG FRÅ IVAR LANDSVERK***

**** MUNTLEG FRÅ FREDRIK LANDSVERK***

**** ÅRSSKRIFT 1993, SØNDELED OG RISØR HISTORIELAG***

**** GJERSTAD-SOGA, BIND I OG II VED TORLEIF KVEIM***

**** MUNTLEG FRÅ INGEBORG LANDSVERK***

**** ØKONOMISK KARTVERK***

**** MEG SJØLV***

**** BILETA ER TEKNE AV MEG SJØLV***

**ÅMLI VIDAREGÅANDE SKOLE
4850 ÅMLI**